

# **KYRKJEBLADET FOR VESTNES**

NR. 2 - SEPTEMBER 2020

25. ÅRGANG



Foto: Inger Marie Jacobsen Sylte

**Nattverd ved Korsstøneset, Gjermundnes**

# Hva er egentlig Guds ånd?

Av sokneprest Ellen Schiøtt

Man tenker ofte på Den hellige ånd eller Guds ånd som en vind eller pust eller noe som svever, luft. Ruach er det hebraiske ordet for Ånd.

Vi husker skapelsesberetningen om Guds Ånd som svevde over vannene. Og vi tenker kanskje på Den hellige ånd som ild. Ilden kan være et symbol på Den hellige Ånd.

## Skapelsen

I skapelsen var det Guds pust som ga liv til det første mennesket. Guds skapte det første mennesket, Adam, av jord. Han formet jorden til et menneske, og han pustet liv inn i hans nese. Her var det Guds ånd, eller pust, som ga liv til mennesket. Ånd på gresk er pneuma. Sjel eller pust er psychè. Vi er skapt som mennesker med sjel. Jesus var skapt som menneske med sjel. Men det var Guds Ånd som blåste livspust i det første mennesket slik at det fikk liv.

## Livet er Guds mirakel

Vi vet alle at vi trenger luft for å leve. Luften gir oss liv, for den gir oss oksygen. Men det er Gud som gir liv, og som opprettholder liv. Livet er Guds mirakel, vi forstår ikke alt det som skjer. Men livet er Guds skaperverk. Gud skapte ikke en verden bare med stein, men han skapte liv.

Og det første mennesket fikk liv ved at Gud pustet liv inn i ham. Gud gir livet, gjennom sin pust. Og det var Gud som oppreiste Jesus fra døden. Jesus var sannelig død, men Gud reiste ham opp. Som den førstefødte av alle som skal stå opp. Alle vi som tror på hans navn, skal også stå opp, slik Jesus stod opp fra de døde. Og det er Gud som reiser oss opp. Og gir liv.

## Oppstandelsen

Når vi tror på Guds sønn og det han gjorde for oss, så får vi

livet. Troen gir oss livet. Og den gir oss Den hellige Ånd. Og den hellige Ånd, er sannhetens ånd, Talsmannen, som skal gi oss innsikt i hele sannheten. Som gir oss evig liv. Ikke bare et liv her på jorden, som den første skapelse, men evig liv, i Guds rike, et liv i salighet, uten de utfordringer vi møter her i livet på jorden. Oppstandelsen er en nyskapelse. Den andre skapelsen. Gud skaper noe nytt, oppstandelse fra de døde.

Som vi leser i Paulus' brev til Korinterne kapittel 15, så var Adam det første mennesket i den første skapelsen. På lik linje er Jesus den første Adam i den nye skapelsen. Skapelsen av de oppstandne. Jesus stod opp som den første av alle oss som skal stå opp, vi som tror på hans navn.

Og troen gir sannheten og livet. Og vi får Den hellige Ånd som skal gi oss innsikt i hele sannheten. Guds ånd. Kanskje den samme ånden som svevde over vannene da hele jorden ble skapt. Ruach. Som en vind som svevde i trærne.



Ellen Schiøtt på prekestolen.



# Ordinasjonsgudsteneste for ny sokneprest i Tresfjord og Vike

Tekst og foto: Nils-Berge Sundfør

Søndag 21. juni var det ordinasjonsgudsteneste i Molde domkirke for ny sokneprest i Tresfjord og Vike, Ellen Schiøtt. Ellen Andreassen fra Tresfjord sokneråd og Emil Balstad fra Vike sokneråd deltok som tekstlesarar.

Det var biskop Ingebjørg Midttømme som foretok den høgtidelege vigslina av Ellen Schiøtt til presteteneste. I sin ordinasjonstale kom biskopen mellom annan inn på å vera utsending for Kristus og å vera frimodig i tenesta, før deltagande prestar og prostar og lekfolk var med og ba for ordinanden.

I preika si tala Ellen Schiøtt over søndagens tekst frå Lukas 14 om det store gjesteboden. "Vi må ta imot Guds velsigning," sa Ellen. "Gud skyver ingen frå seg. Vi må ta imot nåden i Jesus Kristus"

Etter gudstenesta var det samling nede i lokala i domkyrkja til kaffe og kake for innbedne. Slik måtte det bli denne gongen i slike koronatider, sa domprosten då han ynskte velkommen og gav ordet til biskopen, som las opp ordinasjonsbrevet. Mange kom med helsingar, m.a. Emil Balstad som helsa frå Tresfjord og Vike sokneråd og frå Vestnes kyrkjelege fellesråd. Prosten i Indre Romsdal prosti, Erling Nevland nemnde i si helsing at Ellen vart cand. theol. no sist fredag, vigsla i dag og ferie i morgen. Tilbake frå ferie skulle ho vera vikarierande prost i 3 veker.

Til slutt takka Ellen for alle helsingane, og kunne fortelje at ho alt som 7-åring hadde ynskje om å jobbe for Gud. Men skulle det vera som lege eller prest? Etter eit langt løp som student og prestevikar, var ho no i mål.

Kyrkjebladet ynskjer Ellen velkomen som sokneprest i Vestnes, med Tresfjord og Vike som tenestestad.



Alle som deltok.



Bønn.



Utgangsprosesjon.



Blomster frå Vike og Tresfjord ved Emil Balstad og Ellen Andreassen.

# Stella Maris – Maria-heimen

Av Martinus Løvik

Det nye helsehuset på Vestnes skal heite Stella Maris. Omsett etter ordboka tyder det hav-stjerna eller stjerna frå havet, men i vår kulturkrins er meiningsa meir enn det. Skulle me omsette namnet til norsk, ville truleg Maria-heimen vere det mest dekkande norske uttrykket. Stella Maris er frå gamalt av og i katolske land det vanlegaste andre namnet for Jomfru Maria, Jesu mor. Slik som stjernene i gamle dagar peika ut kurser for sjømennene, slik peikar Jomfru Maria ut den rette kurser for alle som seglar på livets hav. Og var me sjuke eller i nød, kunne ingen så godt som Maria gå i forbøn for oss hos Vårherre. Det første hospitalet ved domkyrkja i Trondheim i mellomalderen var eit Maria-spital. I katolske land er Stella Maris eit etter måten vanleg namn på kyrkjer og kyrkjelege institusjonar, og vi finn Stella Maris-kyrkjer spreidd over heile jorda, på Malta, i Israel, i Italia, i Finland, i USA, berre for å nemne nokre døme. I Roma er forstad-kyrkja Santa Maria Stella Maris de Mostacciano som namnet seier vigg til Jomfru Maria. I Noreg har vi ei Stella Maris-kyrkje i Mandal. Den katolske kyrkja i Ålesund, Vår Frue kyrkje – og Vår Frue er jo Jomfru Maria – blir etter det eg får fortalt kalla Stella Maris av polakkane, som er ein stor del av kyrkjelyden.

Sjøl har eg vore ein del i jobbsamanheng i Maastricht i Nederland, der har dei ei fin og gammal kyrkje, Basilica Stella Maris. Stella Maris er ein av dei viktigaste turistattraksjonane i byen. Byen Maastricht ligg elles omtrent så langt frå havet som det



Statua Stella maris i Stella maris-kyrkja i Sliena, Malta.

går an å komme i Nederland, i eit område med låge fjell og åsar innkila mellom Tyskland, Luxembourg og Frankrike. Her er det neppe tilknytning til havet som har gitt namnet Stella Maris. Den engelske omsetjinga av namnet på kyrkja Stella Maris er Basilica of Our Lady, Vår Frue kyrkje. Denne kyrkja har ei trykt bøn på ulike språk for besøkande. Denne bøna byrjar i engelsk versjon med '*O Mary, Star of the Sea, see me here, knelt down before Thy throne of grace, - - -*'.

Det Norske Akademis ordbok har som ei av ordforklaringane til Stella Maris i tillegg til *havstjernen, polarstjernen; nordstjernen dette: (navn på) jomfru Maria som sjøfarendes veiviser (og synderes hjelper)*. Ordboka har some eit døme på bruken av Stella Maris eit sitat frå Sigrid Undsets roman Husfrue, ei av bøkene om Kristin Lavransdatter (1923): *sæle Maria, du klare havstjerne*.

Me treng elles ikkje å gå lengre enn til Kristiansund, der dei i mange år har hatt barnehagen Stella Maris. Den var fram til litt ut på 1970-talet driven av katolske nonner, og er no det dei kallar kultubarnehage. Katolske nonner skal neppe ta hand om oss om me kjem på Stella Maris på Helland, men me må rekne med at utlendingar kan ta Stella Maris for å vere ein katolsk institusjon, eit Sankt Carolus (*Den Heilage Karl*) på Vestnes-sida av Moldefjorden. Kanskje blir dei overraska over ikkje å møte nonner med flagrande gevant på innsida.

Uhøveleg er namnet Stella Maris aldeles ikkje. Ikkje berre meiner historikarane at Maria-dyrkinga før reformasjonen var spesielt sterkt i Romsdals-området. Kors kyrkje hadde ei svært fin Madonna-statue av tre, som no er på museum i Bergen. Vestnes kyrkje har eit gammalt Madonna-måleri. Det store mellomalderklenodiet i Vestnes kommune, antemensalet i Tresfjord kyrkje, er eit Maria-antemensale, der Jomfru Maria, Himmel-dronninga, sit med krone og Jesu-barnet på fanget i det store midtfeltet, medan englar svingar røykjelskar over dei. Slik knyter Stella Maris-namnet det eldste praktbygget og den gamle omsorgsinstitusjonen, kyrkja, saman med den nyaste, flotte omsorgsinstitusjonen og praktbygget i kommunen, det nye helsehuset på Helland. Om ein ville koble saman tradisjon og god omsorg i kommunen vår, kunne ein knapt finne eit betre namn enn Stella Maris. Så får namnet vere så katolsk det vil!

Den gamle latinske hymna *Ave maris stella* (6 vers) kan sporast attende til 700-talet, og er ei populær vesper-hymne i den katolske kyrkja. Den har vore utgangspunktet for talrike andre songar, både folkelege songar og kunstmusikk. Også Edvard Grieg har skrive ein ofte spela og sungen *Ave maris stella* – komposisjon. Noko for opninga av helsehuset?

*Ave, maris stella,  
Dei mater alma,  
Atque semper virgo,  
Felix coeli porta.*

*Ver helsa, havets stjerne,  
Guds gode mor,  
Og alltid jomfru,  
Himmelens lykkelege port.*

# Kyrkjeverja sitt hjørne

Av Olav Egil Tomren

Vi har lagt bak oss ei merkeleg tid der «koronaviruset» stengte ned heile landet frå midten av mars. Litt etter litt har det blitt opna opp att på ulike frontar, men framleis merkar vi enkelte restriksjonar. Dei første par månadane var kyrkjene stengt for gudstenester, og prestane våre tok då i bruk digitale plattformer for å gjennomføre gudstenester og ulike temaprogram. Den positive erfaringa var at dette nådde ein god del menneske som elles ikkje går så ofte i kyrkja. No kan vi igjen ha gudstenester i kyrkjene våre, men vi må halde 1 meters avstand. Det gjer at i Fiksdal, Tresfjord og Vike kyrkjer kan det berre vere 50 personar til stades samtidig, medan i Vestnes kyrkje kan det vere 70 personar.

For ca. 2 år sidan var Nils Torkildsen i Tresfjord og renoverte orgelet i kyrkja. I vår var han attende og tok ei hovudstemming på orgelet. Samtidig tok han også ein runde og stemde orgla i Fiksdal kyrkje og Vestnes kyrkje. Under stemminga i Fiksdal fant han ut at orgelmotoren gjekk baklengs. No er fartsretninga på orgelmotoren snudd, og orgelet kling mykje betre. Når det gjeld stemming av orgelet i Vike kyrkje, seier kantor Jostein Maude at det er av eit enklare kaliber, og han kan sjølv gjere det.

21. juni blei det halde ordinasjonsgudsteneste i Molde domkirke for vår sokneprest i Tresfjord og Vike, Ellen Schiøtt. Det vart ei fin stund, der både biskop, prost og folk frå stab og sokneråd var til stades. Ho blei berre eit par dagar tidlegare ferdig med den siste eksamenen i presteutdanninga, så no er alt det formelle på plass. Gratulerer Ellen!!!!!!

I Vike er førebuinga til kyrkja sitt 50-års jubileum, som skal vere på slutten av året, i gang. For å gjere kyrkja enda meir presentabel til feiringa, har det blitt utført ein del utvendig målararbeid, mellom anna på inngangspartiet ned mot sjøen.

Fiksdal kyrkje har i fleire år vore plaga av svertesopp på tårnbygget. Veggen er no vaska og det blir vurdert ytterlegare målingstiltak. Det er også vedtatt i fellesrådet å montere automatisk ringeanlegg i kyrkja. Vi reknar med at dette vil vere på plass i løpet av året. Då kan vi samtidig fjernstyre ringinga og opning av tårnlukene, og ringing i høgtidene er programmert i systemet og vil skje automatisk. Dette er allereie på plass i Vestnes kyrkje og Tresfjord kyrkje. Vike kyrkje har for lita kyrkjeklokke til at det er mogleg å kople inn automatisk ringing.

Koronarestriksjonane førte til at konfirmasjonsgudstenestene blei utsette til no i haust. Det blir difor ein hektisk periode framover, men vi er motiverte til å gjennomsføre dei mange arrangementa utover hausten på ein god måte.



## KAFFEKROKEN



# Fram for kyrkjeturismen!

Martinus Løvik

Når ein leitar etter noko, finn ein ofte noko heilt anna! På Forskning.no frå april 2009 kom eg over ein artikkel skriven av Åse Johanne Roti Dahl for Universitetet i Bergen. Altså ei 11 år gammal historie, men stadig minst like aktuell og leseverdig. Artikkelen handlar om undersøkingar gjort av Michael Stausberg, professor ved Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap, Universitetet i Bergen saman med Janemil Kolstø, vitskapleg assistent. Vi gjev att litt av innhaldet. Forskarane hadde studert turistar som hadde funne vegen til kyrkjer i Bergen.

## Refleksjon og ettertanke

Intervju med turistane viste at kyrkjerommet inviterer til ro og ettertanke.

- Det hender noko med mange turistar som oppsøkjer kyrkjene. Sjølv om dei gjerne har gått inn med eit anna motiv, opplever dei det som ein stad der dei kan ta eit avbrekk.
- Overraskande mange nyttar høvet til å tenne lys og tenke over eksistensielle spørsmål, seier Michael Stausberg.
- Kyrkjebesøket vert ei stund for refleksjon og ettertanke.

## Kraftkonsentrasjon av norsk kultur

Turistane sine motiv for å oppsøkje kyrkjene var ulike. Medan nokre sa at interessa for kyrkjene hang saman med personleg tru, svarte mange at interesse for kunst, arkitektur, kultur og historie låg bak. Dei såg eit besøk i kyrkja som ein dør opnar til det norske.


- For dei representerer kyrkja ein kraftkonsentrasjon av norsk kultur, seier Janemil Kolstø.

\* \* \*

Artikkelen som eg snubla over, vekte til live att ein gammal tanke - vi bør bli meir aktive som 'kyrkjeturistar' både nasjonalt og lokalt. Det er eit paradoks at fleire nordmenn truleg har vore i Peterskyrkja i Rom enn i stavkyrkjene i Røldal eller Rødven. Ein kan ha mykje att for innimellom å besøke ei nabokyrkje, eller ei anna kyrkje ein kan nå på ein kort tur. Det gjeld både gudstenester og konserter, - ofte kan ein få nye opplevelingar og kanskje tenkje litt nytt på ein ny stad og i lag med nye menneske. Dessutan er kyrkjene i seg sjølv og dekorasjonane deira interessante å sjå, både dei store tinga og dei små detaljane. Dekorasjonane er ofte variasjonar over eit motiv, og det er interessant å sjå korleis dei same motiva er blitt brukt på ulike stader og til ulike tider. Eitt døme, av den litt meir artige sorten - er Moses med horn.

I den hebraiske grunnteksten i Det gamle testamente står det at då Moses kom ned att frå Sinai berg med lovtavlene, strålte Guds lys frå panna hans, det var vel som ein glorie. Men her snubla den gamle omsetjaren, det hebraiske ordet for stråle - 'karan' eller 'karnaim' liknar svært på 'keren',

for horn. Dermed gjekk det ikkje betre enn at teksten i den latinske bibelutgåva Vulgata vart omsett frå hebraisk med at Moses kom ned att frå Sinai-fjellet med horn ut frå panna. Omsettinga vart gjort av Hieronymus i år 382-405 og var sidan 1546 den romersk-katolske kyrkja sin offisielle bibeltekst. Dette er av dei store omsetjartabbene i verdshistoria, kan me seie. Den førte til at Moses er blitt framstilt med horn i kyrkjelekten. Mest berømt er nok Michelangelos statue av Moses på pave Julius II si grav i kyrkja San Pietro In Vincoli - Sankt Peter i lekkjer - i Roma.



Michelangelos statue (ca. 1513-1515) av Moses på pave Julius II si grav i kyrkja San Pietro In Vincoli – Sankt Peter i lekkjer – i Roma. (Public domain)

Men ein treng ikkje reise så langt. Sist sommar var det avslutting av Fjellfestivalen på Åndalsnes i Kors kyrkje. Der har dei ei fin altartavle av meistertreskjæraren Jakob Klukstad (1705-1773) frå Lom, skoren i 1769. Og der finn me Moses - med to flekkane kjem av at Moses opprinneleg hadde horn, men så var det nokon av bygdas folk som så seint som på 1930-talet syntes Moses med horn såg alt for djevelsk ut til å vere i ei altertavle.

Vedkommande tok saka, eller rettare sagt lommekniven, i eigne hender og skar vekk horna. Og såra i panna har ikkje grodd, men er svært så synlege.




Utsnitt av altartavla i Kors kyrkje, skoren i 1769 av meistertreskjæraren Jakob Klukstad (1705-1773) frå Lom.



Del av Moses-måleriet øvst på korveggen i Tresfjord kyrkje, der Moses har dei tradisjonelle horna lett kamuflert som hårlokkar. Biletet er måla ein gong før 1828, ein veit ikkje kor gammalt det er.

Så slo det meg at kanskje var både å reise til Roma og å køyre til Flatmark for å sjå Moses med horn å gå over bekken etter vatn. Ved neste besøk i Tresfjord kyrkje, der det på korskiljeveggen er måleri både av Moses og Aron, Moses sin bror som var den første bispen, vart Moses teken i nærmere augesyn. Og sanneleg, også Moses i Tresfjord kyrkje har horn, lett kamuflert som hårlokkar. Ein får ei kjensle av at målaren syntest det var litt rart med desse horna. Dei måtte vere der etter tradisjonen, men han gjorde dei ikkje større og meir synlege enn nødvendig, og dei har hårfarge. Ein ser horna veldig godt også på filmen som Møre bispedømme laga om Tresfjord kyrkje våren 2020 (Facebook-Møre bispedømme). Måleriet av Moses vart flytta over frå den gamle korskyrkja bygd i 1690, så det er eldre enn nykyrkja frå 1828, men vi veit ikkje når det vart måla. - Dette berre som eit litt kuriøst døme på kva ein kan finne ved lokal kyrkjeturisme, utanom det reint åndelege!

Når vi no av omsyn både til miljøet og corona-smittefarene helst skal vere kortreiste også som turistar, er det berre eitt å seie: Gå i kyrkja di, men besøk også ei anna kyrkje nær deg! Fram for kyrkjeturismen!



Også i den gamle altartavla frå Voll kyrkje i Måndalen, no på museum i Bergen, har Moses horn.  
(Foto: Svein Skare, copyright Universitetsmuseet i Bergen).

# Gudstenestevandring til Korsstøneset

Biletet på framsida er frå Korsstønesvandringa i 2018, med litt finare ver enn i år. Det er tatt av Inger Marie Jakobsen Sylte. Deltakarane plukkar med seg blomster undervegs i vandringa. Framme ved Korsstøneset vert desse samla i ein bukett som prydar «altaret» under nattverdsfeiringa.



Sjølv om gudstenestevandringa ikkje fekk så fint ver i år, vart det ein fin dag



Ellen Schiøtt var prest og Jostein Maude leia songen. Med gode forsongarar var det ingen problem med utandørs salmesong.

## Glimt frå gudstenesta på Stall Kjersem 6. juli

Det var regnver under gudstenesta på Stall Kjesem, men "gildehallen" er eit godt lokale når ein må halde til innadørs.



Vikarprest Leif Peder Oma, klokkar Britt Eli Sætre Knudsen (også solosong) og kantor Jostein Maude (trøorgel) leia oss gjennom gudstenesta.



Bort i mot 40 frammøtte kosa seg med kyrkjekaffe og prat i flotte omgivnader!

Foto på denne sida: Asbjørn Gisnås.

# Glimt frå Friluftsgudstenesta i Øygardsbukta den 8. august

Foto Audbjørg Gjerde Lippert.



Godt frammøte på gudstenesta i vakre Øygardsbukta. Smitteverntiltak på plass ser vi.



Soknerådsleiar Thor Ringsby ønskjer velkommen og introduserer den nye soknepresten Ellen Schiøtt.



Ellen Schiøtt preikar til dei frammøtte. Bak ruvar Bløkallen.



Kyrkjekaffi og grilling av pølser etter gudstenesta.



Arve Rekdal er chef.

# Vike kyrkje 50 år

Av Asbjørn Gisnås.

Vike kyrkje vart innvigd første søndag i advent, 29. november 1970 av biskopen i Nidaros, Tord Godal, og fyller difor snart 50 år. Dette vil vi feire med jubileumsgudsteneste og fest første søndag i advent i år, 29. november (dersom smittesituasjonen tillet det)!

Vike Sokneråd har ein jubileumskomite som arbeider med planane for gudstenesta og festen.: Emil Balstad, Jostein Maude, Anna Balstad og Liv Gisnås. Dei ønskjer å få til fleire arrangement i samband med jubileet, men dette må i tilfelle bli etter årsskiftet.

Vikebukt var tidlegare ein del av Vestnes sokn, og vikebuktingane sokna da til Vestnes kyrkje. Frå om lag 1920 fekk bygda likevel eigen gravplass, etter kvart med eit eige gravkapell. Dette vesle huset vart flytta vekk da kyrkja vart bygd på same staden i 1970, men er no flytta attende til gravplassen, og vert brukt som reiskapshus.

Mange i Vikebukt ønskte at bygda hadde eiga kyrkje, og på 1960-talet vart det arbeidd aktivt med saka både av enkelt-personar og i lag og foreiningar. Pengar vart samla inn, og forslag om kyrkjehus i Vikebukt lagt fram for lokalpolitiske og kyrkjelege organ.

Etter at kyrkja vart bygd, og mange år framover, var ho eigent-

leg eit kapell i Vestnes sokn. Av bygdefolket vart ho likevel kalla kyrkje. På 1990-talet vart Vike eige sokn, med Vike kyrkje som soknekyrkje.

## Kyrkjeteckstilar

Vike kyrkje har til no hatt messehakel og prekestolklede i raud farge. Soknerådet starta for fleire år sidan arbeid med å skaffe utstyr også i dei andre liturgiske fargane. Pengar er samla inn, først og fremst ved årlege balldagar med utlodding. For to år sidan vart tekstilkunstnar Bjørg Hustad engasjert til å lage nye messehaklar, prekestolklede og lese-pultklede. På grunn av andre oppdrag og sjukdom har ikkje ho fått starta produksjonen før no sist vår, men tek sikte på å ha plagga i grønt og fiolett ferdige til jubileet 29. november.



Prekestolklede i fiolett, utkast på papir.

## Nytt bilete til dåpsbarna



Vår Far i himmelen!  
Lat namnet ditt helgast. Lat riket ditt koma.  
Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.  
Gjev oss i dag vårt daglege brød, og tilgjev oss  
vår skuld, slik vi også tilgjev våre skuldnarar. Og lat oss  
ikkje koma i fræsing, men frels oss frå det vonde.  
For riket er ditt, og maktia og æra i all øve.  
Amen.

Vike sokneråd har i fleire år gitt eit dåpsbilete til barn som blir døypte her, saman med dåpsklut og lys. Bileta har vi kjøpt av Skrifthuset AS, og dei har hatt ulike motiv, laga av Rita Backer Hjorthaug, med ei kveldsbøn under.

No var vi tomme for desse biletene, og ønskete oss nye med Vike kyrkje som motiv. Same firmaet samarbeider med ein kunstnar som har laga ein akvarell ut frå foto av kyrkja. Vi synest det vart fint, og vi har fått laga innramma biletene i to variantar, ein med «Vår Far» under, og ein med «Kjære Gud eg har det godt».

Vi trur mange set pris på biletene av dåpskyrkja til barnet. Alle som blir døypte i Vike kyrkje skal få biletene, også barn som ikkje hører til i soknet.

Vike sokneråd

# Konfirmantar i Vestnes Hausten 2020

## Vike kyrkje

*laurdag 19. sept. kl. 11.00*

Stine Løvik Legernes  
Leo Villa Krogseth  
Andreas Leikarnes Villa  
Andrea Øvregård Strand

## Vestnes kyrkje

*laurdag 19. sept. kl. 10.30 og 12.30*

### Helland-konfirmantar

Johannes Aas  
Ingvild Hollingsæter Alvsåker  
Julia Frisk Azour  
Mathias Aas-Strømsnes  
Camilla Blom-Malin  
Kasper Eilertsen  
Daniel Falch  
David Leander Skjegstad Hauglid  
Mikael Helseth Horsgård  
Lisa Nerås Karlsen  
Kaia Lovise Stokkeland Kleiven  
Jessica Larsen  
Andrea Malme  
Martine Vold Nielsen  
Mathilde Kvithaug Stokkeland  
Heine Andre Sæter Vike  
Sunniva Alida Åkre

## Vestnes kyrkje

*laurdag 26. sept. kl. 10.30 og 12.30*

### Tomrefjord-konfirmantar

Markus Granbo Birkelund  
Sofia Nerås Eide  
Malin Sofie Frostad Engvik  
Benjamin Møller Frostad  
Solveig Grønningsæter  
Vetle Sørøy Johannessen  
Mariel Knotten  
Emil Rademacher Krogsgård  
Nora Synøve Bårdnes Langstein  
Vanessa Langstein-Slutås  
Rolf Marius Lervik  
Malene Lundgren  
Jonathan Lyngvær  
Eileen Lyngvær  
Andrea Lyngvær  
Leon-André Skogvoll Sanden  
Matheus Nakken Spoiala  
David Johan Wiik

## Tresfjord kyrkje

*laurdag 26. sept. kl. 11.00*

Sigrid Rypdal Gjul  
Martin Gjermundnes Gjul  
Jonas Gjermundnes Gjul  
Amalie Bjermeland Hjelvik  
Dina Stinesdatter Raknem Skjegstad  
Anna Maria Sylte  
Eva Kjellevold Øverås

## Vestnes kyrkje

*laurdag 3. okt. kl. 10.30 og 12.30*

### Helland-konfirmantar

Helene Aas  
Olav Dalhaug  
Benjamin Jarl Furland Emaus  
Carlos Felipe Gonzalez  
Amilie Ødegård Knutsen  
Sindre You Nilsen  
Renate Lervik Nyheim  
Kaisa Henriksen Pedersen  
Guste Paulina Razickaite  
Johanna Lund Salthammer  
Maja Solskjær  
Celin Sommerset  
Natalie Stokkeland  
Max Stokkeland  
Noah Alexander Furland Sylte  
Magnus Skorgen Søraas  
Angelica Tomren  
Kristine Linnea Ødegård

## Fiksdal kyrkje

*søndag 04. okt. kl. 11.00*


Ingvild Therese Bergheim  
David Ringsby



*Foto: Reidun Blø*

# Kort samandrag frå årsmeldingane til

Men utgangspunkt i årsmeldingane har kyrkjebladet laga eit samdrag for kvar av dei 4 sokna i Vestnes. Sokneråda har ansvar for si kyrkje og sokn, men ein gong i året kjem alle sokneråda i kommunen saman med kyrkjestaben til fellesmøte. Ei slik samling er til fin inspirasjon for dei som er med i sokneråda, og samstundes gjev det hove til å bli betre kjent med dei som er tilsett i kyrkjestaben.



## Fiksdal sokn

Soknerådet har hatt 5 møte og handsama 28 saker. Tildeling av offersøknader, uttale om gudstenestelistene og oppsett av kyrkjevertar, høyringssvar om nye prostigrenser og førebuing av soknerådsvalet var nokre av sakene.


Soknerådet har oppretta fleire utval: Diakoni-, dåps- og gudstennesutval samt tekstilutval. Soknerådet har kontaktpersonar for Kirkens Nødhjelp, Kirkens SOS og Misjon. I tillegg representant til styret for Kyrkjelydshuset.

Av aktivitetar kan nemnast fasteaksjonen, konfirmantfest, gudsteneste i Øygardsbukta og Lys Våken. I tillegg har Laurdagsklubben eit tilbod til born frå barnehagealder og opp til slutten av barneskulen. Desse samlingane har vore annakvar veke, vår og haust.

4-årsboka har blitt delt ut, bok til 1. klasse og utdrag av Bibelen til 5. klasse.

Litt frå årsstatistikken viser 16 gudstenester, 8 konfirmantar, 2 vigslar og 6 gravferder. Offer i kyrkja kr. 47.500,-, av dette kr. 10.000,- til eigen kyrkjelyd og kr. 7.500,- til fasteaksjonen.

Leiar i soknerådet er Thor Ringsby.



## Vestnes sokn

Soknerådet har hatt 11 møte og handsama 83 saker. Tildeling av offersøknader, høyringssvar om nye prostigrenser og arbeid og fullføring med å skaffe nytt flygel til kyrkja var nokre av sakene. Dette året vart flygelprosjektet fullført, og eit Steinway flygel er no på plass.

Soknerådet har oppretta fleire utval: Arbeids-, diakoni-, undervisnings- og gudstenesteutval. Gudstenesteutvalet har gått gjennom utforming av gudstenestene framover i tillegg til å setje opp kyrkjevertlistene. I tillegg har soknerådet ei ansvarsgruppe for Grøn kyrkjelyd. Denne gruppa har hatt fokus på å betre søppel sorteringa på kyrkjegardane med god merking og informasjon om avfallsdunkane.

Kirkens Nødhjelp og Kirkens SOS har konktar i soknerådet, i tillegg er soknerådet representert i styret for Tomrefjord kristne forsamlingshus.

Soknerådet har Det norske Misjonsselskap i SMM-arbeidet (Samarbeid Menighet Misjon) med Etiopia som land. I SMM-arbeidet har har det vore 5 misjonskveldar på Vestheim ungdomssenter. Dette er eit tilbod til alle misjonsinteresserte i kommunen.

Av andre aktivitetar kan nemnast: Planlegging og gjennomføring av konfirmantestar, konfirmantleir, kyrkjevalet i september, balldag og kyrkjebasar. Babysong i kyrkjelydskjellaren kvar 14. dag, barnekor i skulefritidsordninga med elevar frå 1. klasse og oppover på Helland skule og tilsvarande opplegg på Tomrefjord skule. 10+ for 10-åringar og oppover på kyrkjelydskjellaren annakvar veke. Litt frå årsstatistikken viser 25 gudstenester, 31 døypte, 51 konfirmantar, 6 vigslar og 36 gravferder. Offer i kyrkja kr. 150.000,-, av dette til eigen kyrkjelyd kr. 66.500,-. Andre innsalingar, gåver, basar mm kr. 348.500,-, av dette kr. 296.500,- til eigen kyrkjelyd. Leiar i soknerådet er Håvard Skrede.



# kyrkjelydane i Vestnes - året 2019



## Tresfjord sokn

Soknerådet har gudstenesteutval, har hatt og har kontaktar for Bibelskapet, Misjonsprosjektet i Mali, Kirkens Nødhjelp, Søndagsskolen og trusopplæring. I tillegg ansvarleg/kontakt for dåphelsingar, Topp Safari og uteleigearansvarleg for kyrkjestova. Soknerådet har og ei tekstilnemnd.

Av aktivitetar kan nemnast årsfesten, fasteaksjonen (der konfirmantane og heile soknerådet stilte opp som sjåførar og bøssebærarar), konfirmantfest (samarbeid med Vike), gudsteneste på Kjersemfjellet, folkemusikkgudsteneste, hausttakkefest og lotteri på Syltemartnaen. I tillegg opplegg med ettermiddagskafé på Kykjestova; eit uhøgtideleg sosialt/diakonalt tilbod 3. kvar tirsdag i samarbeid med Røde Kors Omsorg.

Det har vore arrangert Lys Våken og Tårnagentgudsteneste (saman med Vike), utdeling av dåphelsing til born som er døypt og bur i soknet ved 1., 2. og 3.-års dåpsdag, utdeling av bok til 4-åringane, 1. og 5. klasse.

Kvar helg i juli og august har soknerådet hatt open kyrkje.

Litt frå årsstatistikken viser 23 gudstenester, 8 døypte, 9 konfirmantar, 1 vigsel og 12 gravferder. Offer i kyrkja kr. 44.500,-, av dette til eigen kyrkjelyd kr. 30.500,-. Kyrkjelyden si givarteneste gav kr. 32.300,- og på fasteaksjonen kr. 16.700,-.

Leiar i soknerådet er Ellen Andreassen (Turid Skorgen fram til 1. nov.)



Foto: Reidun Blø

## Vike sokn

Soknerådet har hatt 8 møte og handsama 49 saker. Til soknerådsvalet var det vanskeleg å få nok namn, men frammøte ved valet var bra (29%).

Soknerådet har desse utvala: Arbeids-, Diakoni- og Trusopplæringsutval. Har og Kirkens Nødhjelps-kontakt.



Av aktivitetar kan nemnast nyårsfest, adventskonsert, Korsstønes-gudsteneste på Gjermundnes, fasteaksjonen (der konfirmantar, foreldre og sokneråd deltok).

Det har vore arrangert Lys Våken og Tårnagentgudsteneste (saman med Tresfjord). Utdeling av helsing til dåpsborn og helsingar til 2-, 4-, og 6-åringane, og til 3. og 5. klasse har vore gjennomført. Babysong på kyrkjekontoret for heile kommunen. KRIK-samlingane annakvar fredag i Vestneshallen og 10+ tilbodet frå 5. klasse på kyrkjekontoret.

Misjonsprosjektet til soknerådet gjev støtte til sjukehuset i Okhaldunga i Nepal, der Normisjon er med og driv.

Konfirmantane har delteke på oppgåver i kyrkjelyden, hjelpt til under gudstenester og under balldagen og stått flaggborg på 17. mai-gudstenesta. Konfirmantfesten var i samarbeid med Tresfjord. Det har vore dugnad på kyrkjegarden, og av diakonale tiltak kan ein nemne ballmiddagen i mars. Dette gav ei inntekt på kr. 45.000,- brutto.

Kyrkja har fått nytt golv i alle gangar og trapper, og dei grå flisa gjev eit vakkert inntrykk når ein kjem inn i kyrkja.

Litt frå årsstatistikken viser 18 gudstenester, 6 døypte, 5 konfirmantar, 0 vigsel og 3 gravferder. Offer i kyrkja kr. 33.000,-, av dette til eigen kyrkjelyd kr. 20.500,-. Kyrkjelyden si givarteneste gav kr. 7.200.

Leiar i soknerådet er Emil Balstad (Liv Gunn Gisnås fram til 1. nov.)

*Samandrag: Nils-Berge Sundfør*

*Foto av kyrkjene: Audbjørg Gjerde Lippert.*

*Foto av soknerådsformenn: Nils-Berge Sundfør.*

# «I can't breathe – I can't breathe»

Av Per Audun Högset

Elie Wiesel (1928-2016), jødisk forfattar og humanist, såg det som si viktigaste oppgåve å vitne om jødane si skjebne i konsentrasjonsleirar under den andre verdskriga.

Han overlevde sjølv dødsleirane, men både mor og søster vart gassa i hel i leiren Auschwitz i 1944. Faren døydde året etter i leiren Buchenwald av svolt og dysenteri. Den unge jødeguten var 17 år då amerikanske soldatar frigjorde leiren.

Fram til sin død såg han det som si største oppgåve å fortelje om Holocaust slik at det ikkje skulle hende igjen. Minst like viktig vart det å kjempe mot «likegyldigkeit» og haldninga at det «angår ikkje meg». Den første tida var han naturleg nok oppteken av fornedringa og den totale forakta for jødane i Hitler sine leirar. I 1968 vart han tildelt Nobels fredspris for sitt engasjement for alle undertrykte i ei tid der vald, undertrykking og rasisme prega verda. Elie Wiesel har sagt at «det motsette av kjærleik er ikkje hat, det motsette av kjærleik er likegyldigkeit».

Desse orda vart svært aktuelle i vår då George Floyd vart eit uskuldig offer for rasisme og vald i politiet. Dei siste orda hans, «I can't breathe - I can't breathe», gjorde ikkje inntrykk på politimannen som tok livet av den afro-amerikanske mannen etter å ha trykt kneet mot nakken hans i nesten 9 minutt. Uttrykket i ansiktet og åtferda til politimannen Derek Chauvin syner ei total likegyldigkeit som er skremmande. Likegyldigkeit, som det motsette av kjærleik, fekk for meg eit ansikt. Opprørande er det også at dei tre politimennene som står rundt offeret og drapsmannen i uniform, berre er passive tilskodarar. «Dette angår ikkje oss».

«*Georg Floyd fekk ikkje puste, den svarte befolkninga får ikkje puste, urbefolkinga får ikkje puste, flyktingane ved grensene våre får ikkje puste, jorda får ikkje puste, millionar av menneske og ulike artar av planter og dyr får heller ikkje puste.*

*Måtte pinsa 2020 for all framtid minne oss på vår kollektive pust, å puste liv saman i ei ny verd og samstundes finne andre måtar å leve på. For anten pustar vi saman, eller ingen klarer å puste i det heile teke.*

Den Heilage Anden er livets pust. Denne pinsa vart vi utfordra til å sjå elden i verda og takke for den. Vi blir utfordra til å sjå oske frå ei verd som ikkje lenger fungerer. Og vi blir utfordra til å sjå etter hove til å puste ny og livgjevande pust inn i verda.»

(<https://reimaginingworship.com/pentecost-2020-remembering-george-floyd-fire-ashes-breath/>)

Skal vi klare dette, må likegyldigkeit vike for grenselaus kjærleik til skaparverket som vi menneske er ein del av.

Vi kan ikkje lenger stille oss på sidelinja og hevde at det som skjer i verda og med verda, ikkje angår oss. Vi kan heller ikkje hevde at haldningane våre, orda vi vel å bruke, og våre gjerningar og prioriteringar ikkje angår andre enn oss sjølve.



Ein engel i Moria-leiren Foto: Aris Messinis (Facebook)

Kanskje tida endeleg er moden for å gjere Halldis Moren Vesaas sine ord i diktet «Tung tids tale» om til handling.

*Det heiter ikkje: eg – no lenger.*

*Heretter heiter det: vi.*

*Eig du lykka så er ho ikkje lenger  
berre di.*

*Alt det som bror din kan ta imot  
av lykka di, må du gi.*

*Alt du kan løfte av børa til bror din,  
må du ta på deg.*

*Det er mange ikring deg som frys,  
ver du eit bål, strål varme ifrå deg!*

*Hender finn hender, herd stor herd,  
Barm slår varmt imot barm.*

*Det hjelper da litt, nokre få forfrosne  
at du er varm.*

# Slekters gang

## Vestnes kyrkje/sokn

### Døypte:

- 05.04 Hedda Lid Sandnes  
12.04 Gustav Aursøy Holm  
12.04 Andrea Sveia Rishaug  
31.05 Ada Eik Brastad  
31.05 Elfrida Kanishi Halkjelsvik  
31.05 Ferdinand Klokset  
07.06 Monique Arceno Reistad  
12.07 Evelyn Bø Kristiansen  
12.07 Justin Leander Løvik  
12.07 Solveig Brastad Nerhus  
12.07 Sølve Frostad Slind  
02.08 Elisa Sylte Djupvik  
02.08 Nelly Skavnes Vik  
02.08 Leander Stokkeland Øverland

### Vigde:

- 20.06 Merete Vibstad og Morten André Frostad  
04.07 Vibeke Haraldsen Hildre og Per Olav Tomren

### Døde:

- 22.03 Rolf Terje Heggem  
22.03 Olav Misfjord  
25.03 Helge Bakken

- 28.03 Gunvor Anderson  
02.05 Per Magne Husøy (gravl. Ona)  
06.05 Inger Jorunn Vik  
22.05 Mary-Anne Lervik  
23.05 Øyvind Hoem  
23.05 Gerd Jorun Sæther  
27.06 Kjell P. Tomren  
12.07 Karsten Marentius Jørgensen  
12.08 Ken Arild Biken

## Vike kyrkje/sokn

### Døypte:

- 28.06 Emine Longva Brudeseth

### Døde:

- 06.04 Gustav Balstad Vik  
22.04 Ivar Kristian Hegdal  
23.06 Sofie Nes Leikarnes  
17.07 Asbjørg Margrethe Johansen  
02.08 Ole Kristian Vike

## Fiksdal kyrkje/sokn

### Døypte:

- 05.07 Mio Ellingseter Kanishi  
05.07 Tuva Sjøholt Furland

### Døde:

- 31.03 Gudny Solbakken Knutsen  
14.04 Kjellaug Johanne Liabø

## Tresfjord kyrkje/sokn

### Døypte:

- 05.04 Eline Rypdal Gjul  
12.04 Noah Lars Skystedt  
16.04 Lukas Theo Nikolic-Fylling  
14.06 Ellie Elfrida Løkke Høgseth  
23.08 Benjamin Andreas Skog Kismul  
23.08 Emil Lindset Krog

### Vigde:

- 08.08 Veronica Solheim og John Arne Braute Gjelsten  
(vigd på Stall Kjersem)

### Døde:

- 30.03 Brita Kjellaug Bergum  
24.04 Knut Nærheim Lindset  
17.08 Leiv Einar Christensen  
19.08 Lars Kåre Villa

## VESTNES KYRKJEKONTOR

Ope mandag - torsdag kl. 08.30-15.00

**John Sylte**, sokneprest: Telefon 71184234/ 91865064  
E-post: john.sylte@vestnes.kommune.no

**Reidun Blø**, kontorsekretær: Telefon: 71184232  
E-post: reidun.blo@vestnes.kommune.no

**Olav Egil Tomren**, kyrkjeverje: Telefon: 71184235/ 91629416  
E-post: olav.tomren@vestnes.kommune.no

**Ellen Schiøtt**, sokneprest: Telefon: 71184237/ 92046814  
E-post: ellenschiot@vestnes.kommune.no

**Ellen Edvardsen**, diakon: Telefon: 71184236/ 97499175  
E-post: ellen.edvardsen@vestnes.kommune.no

**Ingvild Venås Sánchez**, trusopplærar: Telefon: 71184238/ 41472908  
E-post: ingvild.venaas@vestnes.kommune.no

**Jostein Maude**, kantor: Telefon: 71184230/92226151  
E-post: jostein-maude@hotmail.com

**Geir Falch**, kyrkjetenar: Telefon: 90217404

**Andrew Lange**, kyrkjetenar: Telefon: 40548156

**Nina Kvernmo**, konfirmantlærar: Telefon: 95231698  
E-post: nkvernmo@online.no

\*  
**Heimeside til kyrkjene i Vestnes:**  
www.vestnes.kyrkja.no

## KYRKJEBLADET FOR VESTNES

Redaksjonskomité: Asbjørn Gisnås,  
Martinus Løvik, Nina Kvernmo,  
Nils-Berge Sundfør og Reidun Blø

Adresse: Kyrkjekontoret, 6390 Vestnes

\*

*Vi oppfordrar dei som måtte ha  
forslag til stoff eller noko dei vil  
ha med i Kyrkjebladet, til å ta  
kontakt med redaksjonen.*

**Vi er avhengige av gåver til drift og  
distribusjon av Kyrkjebladet.**

**Kontonummer: 4056.20.62124**

**Kyrkjebladet har fått Vipps.**

**Vipsnummeret er: 511986**

**Det er mogleg å bestille bladet  
for dei som bur utanfor kommunen.**

# Gudstenester i Vestnes

(med etterhald om evt. endringar)

## 06.sept. Vingardssøndag

Fiksdal kyrkje kl. 11.00  
Hausttakkefest. Utdeling til  
4-åringar. Takkoffer til  
IKO kirkelig pedagogisk senter.

## 13. sept. 15. s. i treeiningstida

Vestnes kyrkje kl. 11.00  
Hausttakkefest. Utdeling til  
4-åringar. Takkoffer til  
Søndagsskulen Romsdal krets.

## 19. sept. Laurdag

Vike kyrkje kl. 11.00  
Konfirmasjonsgudsteneste.  
Takkoffer til eige konfirmantarbeid.

Vestnes kyrkje kl. 10.30 og 12.30  
Konfirmasjonsgudsteneste for Hellan gruppe 1, (oppdelt i 2 grupper).  
Takkoffer til Maritastiftelsen.

## 20. sept. 16. s. i treeiningstida

Tomrefjord kristne  
forsamlingshus kl. 11.00  
Tomasmesse. Nattverd.  
Takkoffer til Norges Kristlege  
Student og Skuleungdomslag.

Tresfjord kyrkje kl. 13.00  
Hausttakkefest. Utd. av 4-årsbok.  
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

## 26. sept. Laurdag

Tresfjord kyrkje kl. 11.00  
Konfirmasjonsgudsteneste.  
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

Vestnes kyrkje kl. 10.30 og 12.30  
Konfirmasjonsgudsteneste for  
Tomrefjordkonfirmantar,  
(oppdelt i 2 grupper).  
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

## 27. sept. 17. s. i treeiningstida

Vike kyrkje kl. 11.00  
Hausttakkefest.  
Utdeling av 2- og 4-årsbok.  
Takkoffer til Misjonsprosjektet.

## 03. okt. Laurdag

Vestnes kl. 10.30 og 12.30  
Konfirmasjonsgudsteneste for Hellan gr. 2, (oppdelt i 2 grupper)  
Takkoffer til kirkelig ressurssenter  
mot vold og seksuelle overgrep.

## 04. okt. 18. s. i treeiningstida

Fiksdal kyrkje kl. 11.00  
Konfirmasjonsgudsteneste.  
Takkoffer til Misjonsprosjektet.

Vestnes kyrkje kl. 13.00

Høgmesse. Dåp.  
Takkoffer til Mercy Ships.

## 11. okt. 19. s. i treeiningstida

Tresfjord kyrkje kl. 13.00  
Tomasmesse. Nattverd.  
Takkoffer til Kirkens Bymisjon.

## 18. okt. 20 s. i treeiningstida

Vestnes kyrkje kl. 11.00  
Høgmesse. Nattverd. Takkoffer til  
TV-aksjon NRK WWF 2020.

## 25. okt. Bots og bededag

Vestnes kl. 11.00  
Høgmesse. Nattverd.  
Takkoffer til Kirkens Familievern.

## 01. nov. Alle helgensdag

Fiksdal kyrkje kl. 11.00  
Helgemesse. Takkoffer til  
Kirkens SOS Møre og Romsdal.

Vike kyrkje kl. 11.00

Helgemesse. Takkoffer til  
Diakoniarbeidet i soknet.

Vestnes kyrkje kl. 13.00

Helgemesse. Takkoffer til  
Rådet for psykisk helse.

Tresfjord kyrkje kl. 13.00

Helgemesse. Takkoffer til  
Misjonsprosjektet i Mali.

## 08. nov. 23 s. i treeiningstida

Vestnes kyrkje kl. 11.00  
Familiegudsteneste.  
Utd. til 5. klasse frå Hellan.  
Takkoffer til Tro og Medier.

## 15. nov. 24. s. i treeiningstida

Vike kyrkje kl. 11.00  
Familiegudsteneste. Utd. til  
5. klasse frå Vike og Tresfjord.  
Lys våken. Takkoffer til  
Trusopplæring i soknet.

## 22. nov. Kristi Kongedag

Tomrefjord kristne  
forsamlingshus kl. 11.00  
Familiegudsteneste. Utd. til 5. klasse  
frå Tomrefjord. Lys våken for  
Tomrefjord og Vestnes.  
Takkoffer til Institutt for sjelesorg.

## 28. nov. Laurdag

Fiksdal kyrkje kl. 18.00  
Adventssong.  
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

## 29. nov. 1. s. i advent

Vike kyrkje kl. 11.00  
Jubileumsgudsteneste, 50 år.  
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.




Foto: Reidun Blø